

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Storstova
Dato: 25.03.2026
Tid: Kl. 10:30 - 16:00

Følgjande medlem møtte

	Parti
Jan Arne Lilletofte	H
Ole Andrè Klausen	H
Ruben Fedøy	H
Tormod Johansen Ådlandsvik	H
Åse Karin Helle Loftheim	H
Oddgunn Keilegavlen Grane	KRF
Frank Ask	SP
Kjell Kristian Carlsen	SP
Tormod Selvik	SP
Vilde Vårdal	SP
Alice Hestad Vie	SV
Anne Kari Iversen	SV
Gaute Losnegård	SV
Anja Grov Johnsen	UAVH
Jostein Kåre Grane	V

Forfall meldt frå følgjande medl.

	Parti
Astri Thorsen Landøy	AP
David Charles Matheson	AP
Frank Hatlø	H
Frode Andre Devig	H
Marit Klausen	H
Arnt Henning Blom	V

Følgjande varamedlem møtte

	Parti
Linda Landøy	AP
Marie Kildal Gjervik	AP
Jorunn Stubseid	H
Erna Nekkøy	H
Silje Bjørge	V

Merknader:

Orienteringar:

- Gjennomgang av rekneskap 2025 v/ kommunedirektør

Offentleg spørjetid:

Spørsmål stilt i møte:

Anne Kari Iversen stiller spørsmål om korps og innsparingar

Skal kulturskulen også drifte privatskule på Montessoriskulen?

Har kommunen starta med innsparingane som vart vedteke i kommunestyret i desember?

Svar: Spørsmål om kulturskule vert svart ut i neste møte

Innsparingane er gjennomført eller under arbeid. Formannskapet vert informert i alle formannskapsmøte om status. Det einaste som til nå ikkje er mogleg å gjennomføre er kutt i bassengdrift.

Kjell Kristian Carlsen stiller spørsmål om kaiavgift

Kva gjenstår av arbeid av Askvol I kommune for at vi skal kunne fakturere hamneavgift av båtane som ligg til kai?

Svar: Det gjenstår ein avtale med Flora hamn om fakturering og ein forskrift for at vi kan ta inn avgift

Ole Andre Klausen stiller spørsmål om ombygging av Røverompa barnehage

Kva er vurderinga bak å gjere ombygging i Røverompa barnehage utan å skifte tak?

Vert svart ut i neste møte

Spørsmål frå Frank Ask om uttak av stein i Vikane

Tener kommunen pengar på at det vert tatt ut stein i Vikane?

Svar: Nei. Det er gjort ein vurdering at kommunen ikkje skal konkurrere med leverandørar på å ta ut stein. Steinen vert nytta til prosjekt internt i kommunen

Signering av protokollen

Til å skrive under og godkjenne møteprotokollen vart valde: Alice Hestad Vie og Tormod Johansen
Ådlandsvik

Møteleiar: Ole Andrè Klausen

Møtesekretær: Loftheim, Sarah Louise

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/26	Godkjenning av protokoll
003/26	Referatsaker
004/26	Kontrollutvalet si årsmelding for 2025
005/26	Vertskommunesamarbeid NAV - intensjonsvedtak
006/26	Busetting av flyktningar 2026
007/26	Evaluering av politisk organisering 2026
008/26	Tilslutting til Hub for Minerals AS: Aksjonæravtale
009/26	Vidareføring av Invest in Fjordane
010/26	Endringar i delegasjonsreglementet 1.1.26
011/26	Vedtak - Verksemdsplan for kommunale vegar

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre

002/26: Godkjenning av protokoll

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 002/26 Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik den ligg føre

003/26: Referatsaker

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Høyringssvar på lærarnorma , foreslått av Anne Kari Iversen, SV

Kommunestyret skriv høyringsuttale på lærarnorma i referatsak 7:

Askvoll kommune vil oppretthalde lærarnorma som eit nasjonalt, lovfesta minstekrav til tal elevar for kvar lærar. Askvoll kommune krev at norma skal gjelde på skulenivå og ikkje kommunenivå. Kravet skal framleis vere minimum 1 lærar på 15 elevar 1.-4. trinn, 1 lærar per 20 elevar på 5.-7. trinn og 1 lærar per 20 elevar på 8.-10. trinn.

Anne Kari Iversen fremmer tilleggsframlegg om høyringsuttale til referatsak 7 for å behalde lærarnorma

Røysting over tilleggsframlegg:

For: 9 røyster (Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Arbeidarpartiet og Kristeleg folkeparti og Anja Grov Johnsen)

Mot: 11 røyster (Senterpartiet, Høgre)

Tilleggsframlegget fell

Røysting over kommunedirektøren sitt framlegg: samrøystes vedteke

KOM- 003/26 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

004/26: Kontrollutvalet si årsmelding for 2025

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2025 vert teken til vitande.

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Leiar i kontrollutvalet gjekk gjennom årsmeldinga

Røysting over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KOM- 004/26 Vedtak:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2025 vert teken til vitande.

005/26: Vertskommunesamarbeid NAV - intensjonsvedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Askvoll kommune går vidare med ei utgreiing av mogleg vertskommunesamarbeid med Sunnfjord kommune som vertskommune. Dette betyr at Nav Askvoll vert ein del av Nav Sunnfjord og Ytre Sogn.

Kommunestyret får saka til endeleg handsaming etter utgreiinga

25.03.2026 Komité helse og omsorg

Handsaming:

Utsetjingsframlegg , foreslått av , .

Saka vert utsett til vi har fått oversikt frå andre kommunar over kostnader og erfaring med tenesta i vertskommunesamarbeidet.

Røysting over utsetjingsframlegget: 3 mot 1 røyst (Tormod Johansen Ådlandsvik)- saka vert utsett

KHO- 004/26 Vedtak:

Tilråding til kommunestyret:

Saka vert utsett til vi har fått oversikt frå andre kommunar over kostnader og erfaring med tenesta i vertskommunesamarbeidet.

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Utsetjingsframlegg frå komite for helse og omsorg , foreslått av Frank Ask, SP

Saka vert utsett til vi har fått oversikt frå andre kommunar over kostnader og erfaring med tenesta i vertskommunesamarbeidet.

Åse Karin Helle Loftheim ber om gruppemøte. Pause i 3 minutt.

Røysting over framlegg frå komite for helse og omsorg -ikkje vidare utredning av saka i denne omgang:

For: 9 røyster (Arbeidarpartiet, KRF, Venstre, SV og Frank Ask)

Mot: 11 røyster (Høgre, Anja Grov Johnsen, Tormod Selvik, Kjell Kristian Carlsen, Vilde Vårdal)

Røysting over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

For: 12 røyster (Høgre, Anja Grov Johnsen, Tormod Selvik, Kjell Kristian Carlsen, Vilde Vårdal, KRF)

Mot: 8 røyster (Arbeidarpartiet, Venstre, SV og Frank Ask)

KOM- 005/26 Vedtak:

Askvoll kommune går vidare med ei utgreiing av mogleg vertskommunesamarbeid med Sunnfjord kommune som vertskommune. Dette betyr at Nav Askvoll vert ein del av Nav Sunnfjord og Ytre Sogn.

Kommunestyret får saka til endeleg handsaming etter utgreiinga

006/26: Busetting av flyktningar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Askvoll kommune syner til oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) om busetting av flyktningar i 2026, og vedtek å busette 15 flyktningar i 2026.

16.03.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 027/26 Vedtak:

Askvoll kommune syner til oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) om busetting av flyktningar i 2026, og vedtek å busette 15 flyktningar i 2026.

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Sak 6/26 Busetting av flyktningar i 2026 , foreslått av Anja Grov Johnsen, UAVH

Askvoll kommune syner til oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) om busetting av flyktningar i 2026, og vedtek på grunn av den økonomiske situasjon til kommunen, å ikkje busette flyktningar i 2026

Røysting over kommunedirektøren sitt framlegg sett opp mot Anja Grov Johnsen sitt framlegg:

Kommunedirektøren:16 røyster

Anja Grov Johnsen: 4 røyster (Jan Arne Lilletofte, Anja Grov Johnsen, Kjell Kristian Carlsen og Vilde Vårdal)

KOM- 006/26 Vedtak:

Askvoll kommune syner til oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) om busetting av flyktningar i 2026, og vedtek å busette 15 flyktningar i 2026.

007/26: Evaluering av politisk organisering 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber formannskapet gjennomføre ei evaluering av den politiske organiseringa i kommunen, med særleg vekt på erfaringane med kommunestyrekomiteane.
2. Evalueringa skal også omfatte vurdering av tal medlemmer i kommunestyret i komande valperiode.
3. Formannskapet skal i same prosess vurdere korleis innsparingskravet knytt til folkevalde organ på 125 000 kroner i 2026 og 180 000 kroner årleg frå 2027 kan realiserast.
4. Formannskapet legg fram sak med tilråding til kommunestyret innan sommaren 2026.

16.03.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 026/26 Vedtak:

1. Kommunestyret ber formannskapet gjennomføre ei evaluering av den politiske organiseringa i kommunen, med særleg vekt på erfaringane med kommunestyrekomiteane.
2. Evalueringa skal også omfatte vurdering av tal medlemmer i kommunestyret i komande valperiode.
3. Formannskapet skal i same prosess vurdere korleis innsparingskravet knytt til folkevalde organ på 125 000 kroner i 2026 og 180 000 kroner årleg frå 2027 kan realiserast.
4. Formannskapet legg fram sak med tilråding til kommunestyret innan sommaren 2026.

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 007/26 Vedtak:

1. Kommunestyret ber formannskapet gjennomføre ei evaluering av den politiske organiseringa i kommunen, med særleg vekt på erfaringane med kommunestyrekomiteane.
2. Evalueringa skal også omfatte vurdering av tal medlemmer i kommunestyret i komande valperiode.
3. Formannskapet skal i same prosess vurdere korleis innsparingskravet knytt til folkevalde organ på 125 000 kroner i 2026 og 180 000 kroner årleg frå 2027 kan realiserast.
4. Formannskapet legg fram sak med tilråding til kommunestyret innan sommaren 2026.

008/26: Tilslutting til Hub for Minerals AS: Aksjonæravtale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Askvoll kommunestyre sluttar seg til aksjonæravtalen for Hub for Minerals AS slik avtalen ligg føre.
2. Kommunestyret legg til grunn at selskapet skal utviklast som ei sjølvstendig verksemd, og at kommunane over tid skal redusere eigardelen sin i tråd med aksjonæravtalen.
3. Kommunestyret gjev styret i Hub for Minerals AS fullmakt til å ferdigstille og signere endeleg versjon av avtaleverket etter juridisk kvalitetssikring og nødvendige justeringar.
4. Kommunedirektøren får mynde til å gjennomføre kjøp av aksjar i Hub for Minerals AS. Kjøpet vert finansiert over teneste 32500 – kommunalt tilskot til nærings- og infrastrukturretta tiltak.

25.03.2026 Komité næring, miljø og teknikk

Handsaming:

Røysing - Samrøystes

PNT- 009/26 Vedtak:

Komitèen si tilråding til kommunestyre:

1. Askvoll kommunestyre sluttar seg til aksjonæravtalen for Hub for Minerals AS slik avtalen ligg føre.
2. Kommunestyret legg til grunn at selskapet skal utviklast som ei sjølvstendig verksemd, og at kommunane over tid skal redusere eigardelen sin i tråd med aksjonæravtalen.
3. Kommunestyret gjev styret i Hub for Minerals AS fullmakt til å ferdigstille og signere endeleg versjon av avtaleverket etter juridisk kvalitetssikring og nødvendige justeringar.
4. Kommunedirektøren får mynde til å gjennomføre kjøp av aksjar i Hub for Minerals AS. Kjøpet vert finansiert over teneste 32500 – kommunalt tilskot til nærings- og infrastrukturretta tiltak.

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 008/26 Vedtak:

1. Askvoll kommunestyre sluttar seg til aksjonæravtalen for Hub for Minerals AS slik avtalen ligg føre.
2. Kommunestyret legg til grunn at selskapet skal utviklast som ei sjølvstendig verksemd, og at kommunane over tid skal redusere eigardelen sin i tråd med aksjonæravtalen.
3. Kommunestyret gjev styret i Hub for Minerals AS fullmakt til å ferdigstille og signere endeleg versjon av avtaleverket etter juridisk kvalitetssikring og nødvendige justeringar.
4. Kommunedirektøren får mynde til å gjennomføre kjøp av aksjar i Hub for Minerals AS. Kjøpet vert finansiert over teneste 32500 – kommunalt tilskot til nærings- og infrastrukturretta tiltak.

009/26: Vidareføring av Invest in Fjordane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Askvoll kommune tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
- Askvoll kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga og kommunane i Region Fjordane.
- Askvoll kommune løyver 90.000 kr årleg i tre år til den vidare satsinga. Føresetnad for medfinansieringa er Lutelandet Utvikling AS sitt vedtak om å dekke Askvoll kommune (og dei andre eigarkommunane) sin del av finansieringa av Invest in Fjordane dei neste 3 åra.

11.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 018/26 Vedtak:

- Askvoll kommune tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
- Askvoll kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga og kommunane i Region Fjordane.
- Askvoll kommune løyver 90.000 kr årleg i tre år til den vidare satsinga. Føresetnad for medfinansieringa er Lutelandet Utvikling AS sitt vedtak om å dekke Askvoll kommune (og dei andre eigarkommunane) sin del av finansieringa av Invest in Fjordane dei neste 3 åra.

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 009/26 Vedtak:

- Askvoll kommune tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
- Askvoll kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga og kommunane i Region Fjordane.
- Askvoll kommune løyver 90.000 kr årleg i tre år til den vidare satsinga. Føresetnad for medfinansieringa er Lutelandet Utvikling AS sitt vedtak om å dekke Askvoll kommune (og dei andre eigarkommunane) sin del av finansieringa av Invest in Fjordane dei neste 3 åra.

010/26: Endringar i delegasjonsreglementet 1.1.26

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Vedtakstekst , foreslått av , .

Endring i delegasjonsreglementet vert vedteke slik dei ligg føre

Røysting - samrøystes

KOM- 010/26 Vedtak:

Endring i delegasjonsreglementet vert vedteke slik dei ligg føre

011/26: Vedtak - Verksemdsplan for kommunale vegar

Komite for næring, miljø og teknikk sitt framlegg til vedtak:

Verksemdsplan for veg vert vedteke slik den ligg føre med følgjande endringar:

KV 24 – Fristadvegen - Privat

KV 25 – Loftheimsvegen – Privat

KV 29 Olsetvegen frå HPO – Kommunal veg

KV40 Teglverksvegen – Privat

KV 46 Trollefossvegen – Kommunal veg fram til krysset på Engebø HP1083

KV56 og KV99111Rivedalsvegen KV99111 – Kommunal fram til krysset HP1953 (1130 meter lengde)

KV 60 Vindheimsvegen – Privat

KV71 Grimelidvegen - Privat

KV72 Stubseidvågen - Privat

KV76 Stavestranda – Privat

KV79 Flokeneset – Privat

KV86 Bjørndalen – Kommunal veg frå fylkesveg tom HP513 (kryss). Frå HP513 til og med HP1291 vert vegen privat

KV89 Brekka frå HP1176 tom HP2706 – Kommunal veg

KV1008 Herlandsvegen – Sætre – Privat

KV64 Vilnesvegen - Privat

23.03.2026 Ungdomsrådet

Handsaming:

Kommunalsjef samfunn og teknikk, Knut Helge Olsen, orienterte om saka
Røysting - samrøystes

AUR- 006/26 Vedtak:

Ungdomsrådet tek saka til vitande.

24.03.2026 Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Rådet har gitt høyringsinnspel til saka og tar saka til orientering.
Røysting - samrøystes

FELFUN- 004/26 Vedtak:

Rådet tar saka til orientering.

25.03.2026 Komité næring, miljø og teknikk

Handsaming:

Røysting - Samrøystes

PNT- 010/26 Vedtak:

Komitèen held fast på sitt framlegg og legg saka fram for kommunestyre.

25.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Nytt framlegg frå SV Verksemdsplan for kommunale vegar , foreslått av Gaute Losnegård, SV

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen til ny behandling, og med hovudfokus på å privatisere kommunale vegar eller deler av vegar som går inn i private tun. Askvoll kommune jobbar inn mot sentrale styresmakter, gjerne i lag med andre kommunar, for at det blir lovleg å innføre ei kommunal vegavgift.

Endringsframlegg , foreslått av Jorunn Stubseid, H

I staden for å privatisere vegar ber vi administrasjonen om å spare 1 million kroner innanfor området "Stab og støtte" (administrasjonen på rådhuset og innleigde konsulenter)

Endringsframlegg frå Askvoll AP , foreslått av Linda Landøy, AP

Askvoll AP ved representantane Linda Landøy og Marie Kildal Gjervik finn ikkje at saka som vert kalla «Verksemdplan for kommunale vegar» er av ein slik art at det let seg gjere å ta stilling til den. Difor kjem vi til å stemme i mot saka slik den no ligg føre.

Askvoll kommune har bruk for ei god verksemdplan for kommunale vegar og vi tilrår at administrasjonen arbeider vidare med å få til dette. Då må følgjande punkt i so fall vere med:

- 1) Den gjeldande hovudplan for vegar i Askvoll kommune frå 2002 skal ligge ved.
- 2) Alle høyringssvara som er komne inn i samband med forslag om privatisering av kommunale vegar skal vurderast etter eit sett med lovlege, rettferdige og publiserte kriterier.
- 3) Planen må vere av ein slik kvalitet at den kan fungere som styringsdokument over tid. Voss Herad har laga ei slik plan, den kan brukast som mal.

hovedplan-veg-voss_endeleg-05042024-1.pdf

Forslag frå gruppeleiarane , foreslått av Linda Landøy, AP

Gruppeleiarane har følgjande forslag: Kommunestyret sender saka attende til komite for næring, miljø og teknikk med følgjande grunngjeving:

Askvoll kommune har bruk for ei god verksemdplan for kommunale vegar og vi tilrår at komiteen arbeider vidare med å få til dette. Då må følgjande punkt i so fall vere med:

- 1) Den gjeldande hovudplan for vegar i Askvoll kommune frå 2002 skal ligge ved.
 - 2) Alle høyringssvara som er komne inn i samband med forslag om privatisering av kommunale vegar skal vurderast etter eit sett med lovlege, rettferdige og publiserte kriterier. Alle høyringssinnspel må få tilbakemelding med generell forklaring.
 - 3) Planen må vere av ein slik kvalitet at den kan fungere som styringsdokument over tid.
- Komiteen kan gjere mindre justeringar i prioriteringar og skal kome attende i med eit forslag til møte i mai

Ruben Fedøy ber om gruppemøte. Pause i 15 minutt.

SV og AP trekk sitt framlegg.

Røysting over Jorunn Stubseid sitt framlegg:

For: 1 røyst (Jorunn Stubseid)

Mot: 19 røyster

Røysting over gruppeleiarane sitt framlegg: Samrøystes vedteke

KOM- 011/26 Vedtak:

Kommunestyret sender saka attende til komite for næring, miljø og teknikk med følgjande grunngjeving:

Askvoll kommune har bruk for ei god verksemdplan for kommunale vegar og vi tilrår at komiteen arbeider vidare med å få til dette. Då må følgjande punkt i so fall vere med:

- 1) Den gjeldande hovudplan for vegar i Askvoll kommune frå 2002 skal ligge ved.
 - 2) Alle høyringssvara som er komne inn i samband med forslag om privatisering av kommunale vegar skal vurderast etter eit sett med lovlege, rettferdige og publiserte kriterier. Alle høyringssinnspel må få tilbakemelding med generell forklaring.
 - 3) Planen må vere av ein slik kvalitet at den kan fungere som styringsdokument over tid.
- Komiteen kan gjere mindre justeringar i prioriteringar og skal kome attende i med eit forslag til møte i mai

